

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 15.05.2023

Kulturmiljø av regional interesse i Sauda kommune

Dette dokumentet er et uttrekk fra temakart-Rogaland og viser kulturmiljø av regional interesse som er del av Regionalplan for kulturmiljø.

[Se oversikten over hele Rogaland i en interaktiv kartløsning i Temakart-Rogaland.](#)

Oversikten er et kunnskapsgrunnlag for videre planlegging og utvikling i kommunene, og skal bidra til forutsigbare prosesser gjennom at informasjon om hva som er regionalt viktige kulturmiljø og landskap, blir kjent og tilgjengelig. [Du finner mer informasjon om oversikten i Regionalplan for kulturmiljø kapittel 7 og 8.](#)

I tillegg til kulturmiljøa i dette dokumentet er kulturmiljø og landskap registrert av Riksantikvaren også en del av regionalplanen. Disse er i fra Riksantikvarens nasjonale register over kulturmiljø og landskap (NB!-registeret og KULA), Utvalgte kulturlandskap i jordbruket (UKL) og freda områder og kulturmiljø (Askeladden).

[Les meir om kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse.](#)

[Les mer om Utvalgte kulturlandskap i jordbruket hjå statsforvalteren.](#)

Innhald

Kulturmiljø av regional interesse i Sauda kommune	1
Hustveit.....	2
Allmannajuvet	5
Sauda smelteverk og Sauda III	11
Hellandsbygd.....	17
Saudasjøen	4

Hustveit

id	108
Namn	Hustveit
Kommune	1135 - Sauda
Tema	Natur - kultur, Landbruk og kulturlandskap
Periode	Etterreformatorisk tid
Kjelde	Vakre landskap i Rogaland, Ryfylkemuseet, Folk i Ryfylke 2005, Kulturminneplan (vedteken 2017, reviderte vedlegg 2019)
Vernestatus	Omsynssone (tbl), Naturmangfaldloven

Skildring

Garden Hustveit strekkjer seg frå Saudafjorden og opp mot høgfjellet, og ligg i eit område som i særstak grad er påverka av store inngrep.

Jonegarden på Hustveit er i dag eit gardsmuseum som blir drifta av Ryfylkemuseet. Det er mange bygningar på Jonegarden, og museet har ansvar for 10-14 bygningar, mellom anna våningshus, folgehus, låve, vasshus, eldhus og jordkjellar. Ved Kvednafossen ligg eit anlegg med kvernhus, korntørke og sag. Dei fleste bygningane på garden er stavbygg, men der er også to lafta bygningar og ein jordkjellar av naturstein. Bygningane på garden står fram som opphavelege og autentiske, slik det var på ein gard i Ryfylke på 1800-talet. Den eldste bygningen på garden, «Tyssedalsløa» har bygningselement attende til slutten av 1600-talet.

Jonegarden ligg i eit tradisjonelt jordbrukslandskap som ikkje har vore påverka av moderne drift, og det har til dømes ikkje blitt brukt motoriserte reiskapar eller kunstgjødsel på garden. Marka kring garden har store landskapsverdiar, og Hustveit er også eit mykje brukt friluftsområde.

Omfang

Miljøet omfattar tunet på Hustveit, innmarka med verdifull slåttemark og kvernfonnen med kvernhusmiljøet.

Regional interesse

Miljøet har store verdiar knytt til opplevinga av bygningsmassen som står fram som opphaveleg og autentisk. Det kan og knytast svært stor verdi til kulturlandskapet rundt garden, som framstår som unikt og upåverka av moderne inngrep og drift. Kulturmiljøet er også eit godt tilrettelagt museumsanlegg med stor kunnskaps- og formidlingsverdi, med svært gode moglegheiter for å formidle samspelet mellom natur og kultur.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 15.05.2023
Hovudbilde




Hustveit

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Kartutsnitt



Kartutsnitt 13.10.2022

Allmannajuvet

id	109
Namn	Allmannajuvet
Kommune	1135 - Sauda
Tema	Industri og næring
Periode	1800-1999
Kjelde	Kulturminneplan for Sauda kommune 2017
Vernestatus	Omsynssone (tbl), Kulturminneplan

Skildring

I Allmannajuvet er det tydelege spor etter gruvedrifta som gjekk føre seg frå 1881 til 1899. Med unnatak av sagdrift, kan gruvedrifta, initiert av Saude Grube Compagni, sjåast på som starten på den store industrialiseringa av Sauda-samfunnet.

Røyrleidningen «Elvekryss», ein spektakulær røyrbogekonstruksjon, passerer over elva i det same området. Kulturmiljøet har høg regional – og kanskje nasjonal – verdi.

I dag vert gruveområdet drive musealt. Nye, spektakulære bygningar som er knytt til drifta, er utforma i eit spenningsfelt mellom det moderne og det tradisjonelle. Desse bygningane er teikna av Atelier Peter Zumthor & Partner og har ein klar arkitektonisk eigenverdi. Realiseringa av museumsområdet vart innleiingsvis driven fram av lokale og regionale krefter, og vart sluttført i regi av Statens Vegvesen/Nasjonale turistvegar.

Dei gamle gruvegangane er opne for adgang med guide. Utandørs er ein vesentleg del av gruveanlegget bevart. Sjølv om bygningsmassen er borte, er spora i landskapet tydelege i form av murfundament, slagghaugar og liknande. Særleg gruvevegen er eitt av Sauda sine mest spektakulære einskildminne, både når ein går på han og når ein ser han frå dagens veg mot Hellandsbygd på motsett side av elva.

Rørbogen «Elvekryss» er med på å styrke verdien til området. Den vart oppført i 1929-30 som del av røyrgata frå dam Storlivatn. Røyrgata skulle, via eit fordelingsbasseng ovanfor Sønnå havn, forsyne (den no freda) kraftstasjonen Sauda III med vatn.

Omfang

Kulturmiljøet har samme utstrekning som omsynssone i reguleringsplanen for området (2006), men med ei utviding mot nordaust der rørbogen «Elvekryss» kryssar elva. Elvekryss er i sin heilskap markert med omsynssone H570 i kommuneplanen. Det er dette området som er teke med i kulturmiljøavgrensinga.

Regional interesse

Kulturmiljøet speglar dei tidlege fasane av kraft- og industrihistoria i Sauda. Medan gruveanlegget viser dei aller tidlegaste fasane av industrialiseringa, er røyrbogen «Elvekryss» knytta til ein av dei tidlege fasane i kraft- og smelteverkshistoria.

Anlegget har svært høg kunnskaps- og opplevingsverdi både i lokalt, regionalt (og kanskje nasjonalt perspektiv. Lokalt har anlegget også vesentleg bruksverdi, ettersom det vert drive som ein vel besøkt turistattraksjon med mange besøkande og som då skaper arbeidsplassar i turistnæringa. Bygga som er knytt til formidlinga og besøkssenteret, er av svært høg arkitektonisk kvalitet, og har ein klar eigenverdi saman med sjølve anlegget.

Sårbarheit og forvaltning

Det er betydeleg ras- og flomfare i området, også over gruvevegen. I samband med tilrettelegginga i regi av SVV/Nasjonale turistveger vart det gjort omfattande sikringsarbeid.


Gjeldande reguleringsplan sikrar vern av heile området rundt gruvene i Allmannajuvet, mens rørbogen «Elvekryss» er markert med omsynssone H570 i kommuneplanen. Dette bør til saman sikre eit godt vern av kulturmiljøet.

Hovudbilde



Nokre av dei nye bygningane teikna av Peter Zumthor

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 15.05.2023
Kartutsnitt




Avgrensing pr. 31.08.22

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Bildevedlegg 1



Omvising i gruvene på Allmannajuvet

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Bildevedlegg 2



Røyrgate ved Allmannajuvet

Sauda smelteverk og Sauda III

id	110
Namn	Sauda smelteverk og Sauda III
Kommune	1135 - Sauda
Tema	Industri og næring, Krig og konflikt
Periode	1900-1999
Kjelde	Kraftkultur og kulturkraft - Kulturminneplan Sauda 2017, Askeladden
Vernestatus	Kulturminneloven, Omsynssone (pbl), Kulturminneplan

Skildring

Smelteverket i Sauda - som i oppstarten heitte Electric Furnace Products Company Limited (EFP), «Russarbrua» - oppført av russiske tvangsarbeidrarar - og den freda kraftstasjonen Sauda III er hovudkomponentane i kulturmiljøet. Området heitte opphavelig Søndenå og omfatta ei rekke husmannsplassar under Klubben og Sønnåhavn.

Smelteverket: Arbeidet med å oppføre smelteverket i Sauda vart etter ei omfattande konsesjonsavklaring påbegynt i 1916. Reisinga av Åbøbyen mot nord er ein direkte konsekvens av konsesjonsvilkåra. Smelteverket er utbygd over ei lang årrekke. Det er mykje gamal bygningsmasse og det knyter seg openberre regionale verdiar til anlegget. Det vart først bygd arbeidsbrakker og infrastruktur – mellom anna kai, vegar og intern jernbane. Etterpå var det bygging av Verkstadsbygningen, som i sin tur var sentral for oppføringa av resten av verket. Etter dette følgde bygginga av sentrale bygningar som Drum shop, Cooling, Breaking, Ovnshus I, Lime Kiln og Mix samt ein Locker- and Lunch Room Building. Mange av desse bygningane er framleis i bruk. Smelteverket er i full drift og under stadig utvikling. Det er omfattande planar for utvidingar, og tilpassingar av drifta i den eksisterande bygningsmassen. Pr. 2023 er området rundt smelteverket og Sauda III forventa å bli peikt ut som eit regionalt prioritert industriområde og energiknutepunkt i ny Regionalplan for grønn industri. Utvikling av ei næringsklyngje i tilknyting til smelteverksområdet er eit sannsynleg scenario, og det har allereie blitt fremja nye initiativ for næringsverksemeld innanfor kulturmiljøområdet som er markert i Regionalplan for kulturmiljø. Tilgjengeleg areal er dessutan begrensa. Ein må difor rekne med vesentleg utbygging og fortetting i denne delen av Sauda. Ombyggingar og riving av eksisterande bygningsmasse er ein integrert del av drifta av smelteverket. Det same gjeld tilpassing av nye funksjonar og nye næringar.

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

I eit område, kor så store samfunnsinteresser knytta til industri er gjeldande, er det utfordrande å prioritere og sikre verneverdiane. Likevel er dei industrihistoriske verdiane så store at ein må prøve å ivareta dei viktigaste bygningane og strukturane for ettertida. Det finst ei teknisk prega oversikt over den tidlege bygningsmassen på smelteverket (ref. gjeldande kulturminneplan). Rogaland fylkeskommune har likevel ikkje tilstrekkeleg fagleg grunnlag til å vurdere og prioritere dei einskilde anleggsdelane. Ein bør derfor utarbeide ein kultur- og industrihistorisk analyse og dokumentasjon av smelteverket sine anlegg. Analysen må gjere greie for den historiske utviklinga og peike på - og synleggjere - dei viktigaste bygningane og strukturane på smelteverket. I forlenginga av dette, bør det utformast ein forvaltningsplan som smelteverket kan legge til grunn for si eiga forvaltning av eigedommen, bygningar og anlegg. Målet må vere at ein søker i stort mogleg grad å bevare dei viktigaste bygningane og strukturane. Forvaltningsplanen må utformast i samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunen, eigar og andre relevante aktørar i området.

Russarbrua: Under den andre andre verdenskrigen starta okkupasjonsmakta arbeidet med å opprette ein aluminiummosidfabrikk i Saudasjøen – A/S Nordag. EFP og Nordag vart bundne saman av ein transportjernbane. Som del av jernbanen vart det etablert ei jernbanebru over Storelva ved EFP. Brua og jernbanen vart bygde av russiske krigsfangar og tvangsarbeidrarar. Brua vert fortsatt omtala som Russarbrua og er eit markant krigsminne i Sauda sentrum.

Sauda III: Sauda III var det tredje kraftverket som vart oppført av A/S Saudefaldene for å levere kraft til smelteverket. Det vart oppført mellom 1927 til 1930 etter teikningar av arkitektane Andreas Bjercke og Georg Eliassen. Stasjonen vart sett i drift i 1931. Stasjonen vert gjerne omtala som Sauda III, Stasjon III, eller Søndenåhavn kraftstasjon. Kraftverket og røyrgata er freda som del av landsverneplan for Statkraft.

Omfang

Markeringa omfatter heile smelteverket, russarbrua, kraftstasjon og røyrgate. I området er det både einskildminne med høg verdi og delar som ikkje er like historisk viktige.

Regional interesse

Kulturmiljøet har høg regional kunnskapsverdi som eit eksempel på dei tidlege fasane av industri- og krafthistoria, samt utviklinga ut over 1900-talet. Anlegget utgjer ein stor opplevingsverdi då det store anlegget med mykje eldre bygningsmasse er synleg frå store deler av Sauda og områda rundt. Smelteverket har ingen formell vernestatus, men har ved ei god bygningsforvaltning potensiale som eit framtidig kulturminne/-miljø av høg regional eller ev. nasjonal verdi.

Sauda III med røyrgate er freda og har både regional og nasjonal opplevings- og kunnskapsverdi som eksempel på kraftindustriens praktbygg. Det er openberre arkitektoniske, estetiske og teknologihistoriske kvalitetar knytta til anlegget. Det er også knytta bruksverdi til bygningen i kraft av dei moglegitene som ligg i ny/vidare

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

bruk. Ulike forslag til vidare bruk har blitt lanserte, men det er pr. 2023 ikkje teke
endelege avgjerdsler rundt dette. Det er nylig sikra offentleg tilkomst til anlegget.

Russarbrua har høg regional verdi som eit tydeleg og sentrumsnært krigsminne med stor opplevingsverdi og klar tilknytning til eit større kulturmiljø. Brua har sterke historieforteljande kvalitetar.

Sårbarheit og forvaltning

Kraftstasjonen Sauda III med røyrgate er freda.

Russarbrua er markert med omsynssone c) H570 i den gjeldande kommuneplanen.

Smelteverket er ikkje verna, men har vesentleg regional verneverdi. Særleg har anlegget stor kunnskapsverdi, samstundes som dei gamle bygningane har opplevingsverdi og er ein sterk kulturell identitetsmarkør. Det bør lagast ein kultur- og industrihistorisk analyse av smelteverksanlegget for å peike på kulturmiljøverdiane som er knytta til dei viktigste bygningane og anlegga. I forlenging av dette bør det i samarbeid mellom fylkeskommunen, kommunen, eigar og andre relevante aktørar lagast ein forvaltningsplan som kan ligge til grunn for smelteverket si eiga forvaltning av bygningane. Målet må vere å bevare dei viktigaste bygningane og strukturane, der dette er mogleg.

Hovudbilde




Sauda III

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø


Sist endra 15.05.2023

Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022

Bildevedlegg 1



Sauda III - interiør

Bildevedlegg 2



Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 15.05.2023
Sauda smelteverk - oversiktsbilde frå vest

Bildevedlegg 3



Parti frå Sauda smelteverk

Hellandsbygd

id	111
Namn	Hellandsbygd
Kommune	1135 - Sauda
Tema	Landbruk og kulturlandskap, Industri og næring, Samferdsel og kommunikasjon
Periode	Etterreformatorisk tid
Kjelde	<p>Kraftkultur og kulturkraft – Kulturminneplan Sauda 2017 ved Roy Høibo og</p> <p>Sauda kommune, Soga om Sauda – bind II av Arnvid Lillehamer (1974), Bruer og brubygging i Rogaland av Svein Magne Olsen/Fortidsminneforeningen – Rogaland avdeling (1988), opplysninger innhentet i facebook-gruppen «Gamle Sauda», frå ingeniør Arve Ripland i Sauda kommune, frå kirkeverge Jon L. Grindheim og frå lokalhistoriker Tone A. Årtun.</p>
Vernestatus	Omsynssone (pbl), Kulturminneplan

Skildring

Hellandsbygd er eit gammalt bygdesamfunn med ei lang og mangfaldig historie. Bygdemiljøet speglar både det tradisjonelle landbruksamfunnet, den tidlege industrihistoria samt samferdselshistorie.

Bygda har røter i gardane Øverland, Årtun (den opphavelige Helland-garden) og Handeland. Dei tre gardane eksisterte i tidleg mellomalder, vart så øydegardar i seinmellomalderen og vart tekne i bruk igjen i starten av 1600-talet. Årtun kan ha røter til vikingtida eller tidlegere. Det har i etterreformatorisk tid oppstått ei rekke husmannsplasser og underbruk på gardane som peikar fram mot dagens struktur, forma av fleire hundre års landbrukstradisjon. Innanfor kulturmiljøet er gardsbygningane knytta til Årtun og Handeland, samt den overordna strukturen, fysiske spor frå denne landbrukshistoria.

Hellandsbygd var heilt sentral under den tidlege kraftutbygginga. Det var her A/S Saudefaldene oppførte Sauda I, som skulle levere kraft til det nye Smelteverket ved Søndenå. Blant dei viktigaste bygga (utover Sauda I som er tillat riven) finn vi bl.a. tre markante funksjonærhus i

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Hellandsbygdvegen 695-699 frå 1915-16. Frå denne perioden stammar også «Messå» som ligg rett sør for Hellandsbygd kapell. «Messå» vart oppført i 1916 som brakkebygg for A/S Saudefaldene. Bygningen vart i 1953 modernisert og utvida av Saudefaldene og overdregen til lokalsamfunnet som forsamlingshus. «Messå» vart då gjerne kalla for «Klubbhuset». I 1992 vart bygget innreidd som skule og fungerte som dette fram til ca. 2006. Fleire bygningar og strukturar viser såleis den tidlege kraftindustrien og den tidlege industrihistoria.

Den noverande Handeland bru er av Statens vegvesen markert som vegminne. Det skal ha vore brufeste på den same staden sidan 1600-talet, og bruva var ein del av vegen mellom Sauda og Hellandsbygd fram til 1950-åra. Dagens bru er ei stålbru som vart sett opp tidleg på 1990-talet etter at ei tidlegare sprengverks-/mastebru, som vart sett opp rundt år 1900 (eller muligens litt seinare), vart skada etter ein flaum. Sjølv om dagens bru er av moderne type, har brustaden ei viss kultur- og veghistorisk interesse, ettersom den strekkjer seg fleire hundre år tilbake i tid. Ettersom den tidlegare trebrua vart forsterka av A/S Saudefaldene i 1915 i samband med kraftutbygginga, har brustaden både samferdsels- og industrihistorisk interesse.

Omfang

Kulturmiljøet er relativt stort og dekker dei sentrale delane av Hellandsbygd. Kommuneplanen til Sauda kommune viser tre oppdelte omsynssonar innanfor området. I regionalplanen er bygda markert som eit samanhengande kulturmiljø med stor tidsdjupne. Samanhengen i miljøet er viktig i den vidare forvaltinga. Kraftstasjonen Sauda I er sjølvsagt heilt sentral med tanke på Hellandsbygd, men er ikkje teken med pga. rivevedtak frå NVE. Bygningar og krigsminne på Øverland er også sentrale for historia om Hellandsbygd, men er pga. større avstand frå bygdesentret ikkje tekne med. Ved seinare revisjonar kan Øverland bli vurdert som eige kulturmiljø.

Regional interesse

Kulturmiljøet utgjer samla sett eit bygdesentrums med eit breidt innhald og stor tidsdjupne. Kulturmiljøet har høg regional kunnskapsverdi då det reflekterer viktig og tidleg landbruks-, kraft- og industrihistorie, samt i nokon grad samferdselshistorie. Sentrale deler av gardsbygningane ved Årtun og Handeland er markerte med omsynssone H570 i kommuneplanen. Desse bygningane, samt den overordna strukturen, speglar fleire hundre års landbrukshistorie. Bygningane mellom Årtun og Handeland er også markerte med omsynssone H570 i kommuneplanen. Her ligg mellom anna funksjonærbustader

og «Messå» frå den tidlege kraftutbygginga. Mange bygningar og strukturar har høg lokal identitetsverdi, men det er primært det samla miljøet som har regional interesse.


Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

Sårbarheit og forvaltning


Tre omsynssoner (H570) vist i kommuneplanen dekker det meste av kulturmiljøet. Oppsplittinga i tre ulike omsynssonar kan leie merksemda noko bort frå samanhengen i miljøet. Handeland bru er ikkje verna.

Hovudbilde



Hellandsbygda - bolighus frå utbygginga av Sauda I

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 15.05.2023
Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022



Hellandsbygda kapell



Hellandsbygda - driftsbygninger ved Hellandsbygdvegen 691. Gamle "messa" frå 1916, seinare skulebygg, lengst til venstre.



Oversiktsbilde frå Hellandsbygda 1918.

Postkort 1918 - fotograf ukjent - eid og avfotografert av Knut Georg Nilsen

Saudasjøen

id	208
Namn	Saudasjøen
Kommune	1135 - Sauda
Tema	Tradisjon og religion, Busetting, by- og tettstadutvikling, Industri og næring, Krig og konflikt, Landbruk og kulturlandskap
Periode	Før- og etterreformatorisk tid
Kjelde	"Kraftkultur og kulturkraft - kulturminneplan Sauda 2017" (vedteken 2020). Askeladden/kulturminnesøk
Vernestatus	Omsynssone (pb), Kulturminneplan, Kulturminneloven

Skildring

Saudasjøen var den viktigaste tettstaden ved Saudafjorden før Øyra (dagens sentrum) gradvis tok over denne rolla. Historia til Saudasjøen strekkjer seg langt tilbake i tid. Mellomalderkyrkjegården på Kyrkjehaugen er fortsatt bevart lengst vest i området. Det var opphaveleg ei stavkyrkje der. Denne vart erstatta av ei nyare kyrkje, som vart riven i 1868 (Kyrkjestaden vart flytta frå Saudasjøen til Øyra i 1866). Innanfor kulturmiljøet er det registrert to gravrøyser, og det er funne busetnadsspor frå jernalderen i nærområdet.

Dei eldre bygningane og strukturane i Saudasjøen speglar det førindustrielle tettstadsmiljøet, samstundes som det er einskildminne frå eldre gardsbebyggelse, og turistnæring. Det er i tillegg viktige krigsminne i området. Nokre spor er tydelegare enn andre, men Saudasjøen har samla sett ein stor konsentrasjon av kulturminne som viser til viktige epokar. Kulturmiljøet vert derfor vurdert til samla sett å vere av vesentleg regional verdi.

Kommuneplanen viser seks omsynssonar (H570), som fangar opp særleg viktige område knytta til dei ulike epokane:

Som døme på den eldre bebyggelsen har kommunen valt ut ei husrekke rundt Hovland i Saudavegen 323-331.

Eitt område rundt hovudgata Sjøen fangar opp dei sentrale delane av 18- og 1900-talets handelssentrums. Utviklinga av Saudasjøen hadde utgangspunkt i gjestgjevarstaden. Den første vart etablert ca. 1790. Handelen i området tok seg gradvis opp utover 1800-talet og starten av 1900-talet. Etter dette tok dagens sentrum

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

på Øyra i større grad over. Det er ikkje mange eldre bygningar frå før 1900 tilbake, men miljøet er prega av mindre einebustader, noko som gjer tettstadsmiljøet lesbart.

Sauda fjordhotell, oppført i 1914 av Stavanger Turistforening, med parken nedanfor, representerer det som står igjen etter den omfattande turistnæringa sist på 1800-talet og i starten av 1900-talet.

Sjøen 3, ein eldre driftsbygning i tegl, er som den einaste mindre einskildbygningen markert med omsynssone. Det er likevel fleire andre bygg av interesse i området, både frå før og etter 1900. Dei opphavelege bygningsspora frå Hedlot skal strekke seg til 1600-talet, men er ikkje kartlagt og verna.

To store omsynssonar knyter seg til den tyske rustningsindustrien.

Okkupasjonsmakta ønska å etablere eit enormt aluminiumsoksidverk i Saudasjøen. A/S Nordag skulle bygge verket. Ein kom aldri lenger enn til prøvedrift, men arbeida med etableringa sette store spor i Saudasjøen. Størsteparten av bygningsmassen vart riven etter krigen, men eitt stort bygg – koplingsstasjonen til A/S Nordag – står igjen. Det same gjer viktige delar av anlegget langs Neselva sør for Nesbrua. Her er det ein steinsett elvekanal laga av russiske krigsfangar. Jernbanevekt, -bru og -tunnel etter jernbanen som gjekk frå smelteverket i sentrum og ut til Saudasjøen, står også igjen. Denne delen av anlegget inngår i ei eigen omsynssone.

Et stykke lenger nord ligg Fosstveitdammen, som demma opp Risvollelva for å sikre tilstrekkelege vannmengder til kraftproduksjonen for Nordag-anlegget. Dette anlegget består av ein bogedam og ein jordfyllingsdam. Fosstveitdammen er i sin heilskap markert med eigen omsynssone.

Skytestillingar for luftvernkanonar på Klengaberget skulle bidra til å beskytte Nordag-anlegget. Fundamenta frå skytestillinga er bevarte og inngår i omsynssonan som omfattar tettstadssenteret langs Sjøen.

Omfang

Kulturmiljøet som er vist, er stort. Kommunen har valt å legge seks skilde omsynssonar i området, som fangar opp dei mest sentrale delene. Fylkeskommunen ønsker å vektlegge heilskapen i området frå mellomalderkyrkjegarden i vest til Nordag-anlegget i aust, frå tettstaden i sør til Fosstveitdammen i nord. Dette for å understreke den store diversiteten og tidsdjupna i Saudasjøen.

Regional interesse

Kulturmiljøet Saudasjøen reflekterer ei kontinuerleg tettstadsutvikling som strekkjer seg frå mellomalderen og fram til tidleg på 1900-talet. Einskildminne og strukturar speglar ei rekke viktige epokar, mellom anna den tidlege etableringa med røter i mellomalderen, den store turistnæringa frå slutten av 1800-talet og ikkje minst frå den andre verdskrigen. Samla sett har området stor kunnskapsverdi. Krigsminna vert formidla som ei eiga, skilta løype og har, saman med fjordhotellet, stor

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø

Sist endra 15.05.2023

opplevingsverdi. Bygningsmassen er stort sett i bruk og har dermed bruksverdi.

Særleg krigsmenneløypa er også ein mye brukt turdestinasjon for lokale og turistar, og gir såleis ein ytterlegare bruksverdi til miljøet.

Sårbarheit og forvaltning

Seks separate omsynssonar type H570 samt omsynssonar type H730 (som bl.a. dekker mellomalderkyrkjegard og busetnadsspor frå jernalderen) i kommuneplanen gir grunnlag for god forvalting av dei mest sentrale verdiane.

Oppdelinga i ulike omsynssonar kan føre til at samanhengen i miljøet vert svekka. Det er også fleire bygningar i området frå etter 1900 som verken er registrerte eller verna. Fylkeskommunen ønsker å understreke samanhengen og heilskapen i området ved å vise eit samanhengande miljø.


Hovudbilde



Sauda fjordhotell

Rogaland fylkeskommune - Jan Windsholt - 2022, 24.11.2022 15:15

Vedlegg til regionalplan for kulturmiljø
Sist endra 15.05.2023
Kartutsnitt



Kartutsnitt per 23.09.2022

Bildevedlegg



Jernbanevekta til NORDAG A/S

Bildevedlegg



Karakteristisk gjerdepåle frå elva som forsynte NORDAG A/S med kraft.
Jernbanebrua i bakgrunnen.

Bildevedlegg



Saudasjøen - parti frå hovudgata Sjøen